



VINDAFJORD KOMMUNE

MOTTATT TIL
JOURNALFØRING

07 DES 2009

FYLKESMANNEN I ROGALAND

**Fylkesmannen i Rogaland - Landbruksavd.
Pb 59 Sentrum**

4001 STAVANGER

Landbruk

Saksh: Sissel Lilleland

Tlf: 53 65 61 30

Dato : 17.11.2009

Vår ref: 09/15051

Dykkar ref:

Arkiv: K2-V13

09/12 554 -

PRODUKSJONSTILSKOT - STIKKPRØVEKONTROLL ETTER EGEN RISIKOVURDERING - EVALUERING

Vindafjord kommune vart ved søknadsomgangen i august 2009 med på ei prøveordning der kommunen sjølv skulle plukke ut 5 % av søknadsmassen til kontroll i høve til eigen risikovurdering.

I samband med Fylkesmannen sin forvaltningskontroll der spreieareal var tema, i tillegg til nye areal tal og ferdigstilling av gardskartprosessen, var det naturleg å setje fokus på spreieareal, noko som også vart hovudtema for stikkprøvekontrollen.

Hovudformålet til kommunen ved denne kontrollen var å bevisstgjere bøndene på ansvaret med å berekne nok spreieareal og justere dette i takt med endra situasjon på bruket.

I alt 27 bruk vart trekte ut til kontroll (i overkant av 5 % av søknadsmassen). Dei fleste var bruk med stor husdyrproduksjon.

For å skaffe oss oversikt over kor mykje spreieareal kvart kontrollbruk måtte ha i høve til dyretal, vart GDE kalkulatoren frå Mattilsynet nytta ved berekninga. Her måtte ein også ta omsyn til om innmarksbeite var godkjent som spreieareal.

Kommunen sendte ut varselbrev til brukaren og gjorde merksam på hovudtema for kontrollen, og bad om skriftlege avtalar om leige av spreieareal, og at evt. kvittering for levert husdyrgjødsel måtte leggjast fram ved kontrollen.

Resultatet av kontrollen viser at bøndene i Vindafjord har fokus og gode rutinar på dette med spreieareal, og dei aller fleste bruka hadde skriftlege oppdaterte avtalar. I dei tilfella avtalen var utgått på dato, eller avtalen ikkje var skriftleg, fekk bonden ein kort frist til å oppdatere / skaffe skriftlege avtalar og ettersende dei til kommunen.

Det viste seg også at mange får hjelp av Haugaland landbruksrådgjeving i utarbeiding av miljøplan trinn I - der også spreiearealet vert utrekna. I tillegg til Haugaland landbruksrådgjeving er også Haugaland Maskinring ein aktiv medspelar i høve til å organisere og vidareformidle husdyrgjødsel, slik at gjødsel blir henta på bruket mot kvittering. Kvitteringa syner kor mange m3 som er avlevert og til kven, slik at bonden kan vise til dokumentasjon for bruken av husdyrgjødsel.

Under evalueringa av kontrollarbeidet vart det halde eit drøftingsmøte med Haugaland Landbruksrådgjeving for å kvalitetssikre rutinar omkring utarbeiding av Miljøplan trinn I og sikre ei felles forståing av kva ein miljøplan skal innehalde i høve til kommunen sine krav, og at grunnlag for utrekning av spreieareal er i samsvar med sentrale føringar.

Det var samstemt oppfatning mellom kommunen og landbruksrådgjevinga på dei fleste områder, bortsett frå reglane for godkjenning av beite som spreieareal. Dette vart drøfta og oppklara på møtet. Dersom landbruksrådgjevinga i arbeidet med utrekning av spreieareal var i tvil om eit beite var godkjent, skulle dei ta kontakt med kommunen for nærare avklaring.

Det er naudsynt med ein gjennomgang / godkjenning av beite som spreieareal på alle bruka i kommunen i samband med nye arealtal og ajourhald, noko som kjem til å bli ein tidkrevjande prosess.

Konklusjon:

På grunnlag av denne type kontroll, har det lykkast kommunen å setje fokus på spreieareal og regelverket rundt dette. Slik fokusering gjev ringverknader også for resten av landbruket i kommunen, og dette resulterer i at bøndene blir meir bevist på å halde fokus på utrekning av spreieareal i takt med endra dyretal / areal på bruket. Kontrollen avdekkar ingen større avvik som vil gje grunnlag for trekk i produksjonstilskotet og dette stadfester at Vindafjord kommune er ein sterk og oppegåande landbrukskommune, der bøndene har eit godt fagleg miljø å støtte seg til, noko resultatet av denne kontrollen er eit bevis på.

Med helsing



Kjetil Kjølhaug
Einingsleiar Landbruk



Sissel Liljeland
Rådgjevar Landbruk